

# ETTERTANKE OG BØN

5. MARS 2020


Kjære Jesus! Du seier at dei fattige i ånda er sæle. Då må det å vera fattig i ånda vera det same som å tru på deg, for det er ved trua på deg at er me blitt borgarar av himmelriket. Me vil takka deg for dette. Me er ikkje sæle fordi me er fattige i ånda, men fordi me i vår fattigdom har teke imot deg og blitt uendeleg rike.

## Murao, India



Det er 2 333 000 menneske i denne folkegruppa. Dei er hinduar, og snakkar hindi som også er eit bibelspråk. Murao er i hovudsak bønder. Nokre er å finna i offentleg administrasjon, og nokre få i privat næringsliv. Ingen kjenner Jesus.

Å, Herre! Send arbeidarar ut til din haust i muraofolket i India. Dei har same retten på evangeliet som me har, men ingen har gjeve dei det. Men la det skje no. Lat Anden din koma over dette store folket og vekka dei opp frå den åndelege døden slik at dei forstår at dei må tru på deg for å bli frelst. Gjer dei fattige i ånda slik at dei tek imot deg og frelsesgåvene dine utan vilkår og vederlag. Grunnlegg ei sterk og vital muraokyrkje som kan vera ein heim for dei truande. Herre, miskunna deg over dei. Amen!



## Kristkyrkja dei komande dagane

Kjære Herre Jesus! Takk at me får ha deg og kvarandre.

Me ber om at du skal gjera deg sterkt gjeldande i kveld når me skal samlast i bibelgruppe, og på søndag når me samlast til gudsteneste. Du har sagt at du vil vera midt i mellom oss, og me ber: Lat det merkast. Du kjenner oss til botnars, og veit kva me treng. Du som gav oss deg sjølv og din Ande, gje oss også ein rikdom av nådegåver medan me ventar på at du skal koma attende i herlegdom for å døma levande og døde. Tal levande ord til oss på bibelgruppa og på gudstenesta, ord som skaper, oppmuntrar, formaner og lækjer. Me ber spesielt om styrke og lækjedom for Nils Jonas, og om stor styrke for Svetlana. Hald di mektige hand over dei, under dei og rundt dei.

Takk for Narmin, Josef og den nye babyen deira. Må du passa på dei, og må det gå dei vel. Me ber om at dei skal få ei god framtid, og at Noreg skal opna dørane sine for desse flotte menneska.

Så ber me også for Saeed at han skal få den hjelp han treng i Frankrike. Herre, miskunna deg over han, og me ber om at han på sikt skal få koma til Noreg og bli sameint med familien sin. Herre, miskunna deg over dei alle. Hjarto våre blør for dei. Høyr vår bøn. Me ber i ditt namn. Amen!

## Flyktningane på grensa mellom Tyrkia og Hellas



Gode Far! Du er ein hjelpar for menneske på flukt, og i ordet ditt ber du oss om å ta godt vare på dei når dei bankar på våre dørar. Flyktningane som no står og stongar på

grensa mellom Tyrkia og Hellas er hjelpelause kasteballar i eit skite storpolitisk spel. Dei manglar fast grunn under føtene sine, og dei blir møtte med høge gjerder, piggtrå, hat, vald og tåregass i det «kristne» Europa. Kjære, gode Gud, tilgje oss dette her. Du elsker desse flyktningane, og me ber: ta vare på dei, og grip mektig inn i liva deira. Dei treng fridom, ein trygg plass å vera på, mat, klede, reint vatn og fred i hjarto sine. Barna treng skulegang, og alle treng Jesus. Gode Far, gje dei full pakke. Må grekarane ta imot dei med respekt og godleik, og må dei europeiske nasjonane fordela dei mellom seg etter ein rettferdig nøkkel. Du er ein Gud som riv ned bommar av jern, sprenger låste dørar og opnar hav. Gjer det igjen. Me ber i Jesu namn. Amen!